



Utkast til uttale brannstudien 2013.

Innledning

Sogn brann og redning IKS (SBR IKS) er Sogn og Fjordane sitt største brannvesen og dekker kommunane Sogndal, Luster, Leikanger, Balestrand og Vik. Dette utgjør eit areal på i underkant av 5000kv.km og knapt 20 000 innbyggjarar, og med ein krevjande infrastruktur (fjordar, fjell og ferjer). SBR IKS har 100 tilsette der 12 er heiltidstilsette i 100% stillingar. Resten av dei tilsette er brannkonstablar og utrykkingsleiarar i ca 2% stillingar (basert på årleg øvingstimetall). Desse tilsette har altså jobben som brannkonstabel som ei lita deltidstilling i tillegg til anna arbeid. Det er utarbeidd eigen brannordning og ROS analyse for selskapet. Det er ulike vaktordningar med frå ein til fire personar på vakt basert m.a på dimensjonerings forskrifta og ROS. Det er felles overordna vakt for alle fem kommunar. Det er ca 260 særskilte brannobjekt, 5 brannstasjonar, 2 bistasjonar og to depot.

SBRIKS blei formelt stifta januar 2011 og starta å virke 1 mai 2011.

SBRIKS legg til grunn i denne uttalen at dagens brannstasjonar vert værande slik som i dag. Slik også studien legg til grunn.

Drøfting

Brannstudien peiker på mange av dei utfordringane som ligg bak etableringa av SBR IKS, m.a kompetanse utvikling. Dette er noko selskapet har lagt stor vekt på og som har vore ressurskrevjande både økonomisk og i forhold til human kapital. Dette har likevel stort sett gått som planlagt. SBR IKS meiner at kompetanseløftet frå små kommunar utan leiging i heile stillingar til SBR IKS med leiging og førebyggjande personell i heile stillingar har bidrege til eit stort løft innan brannområdet i våre eigarkommunar. Vi er vidare usikre på om fylkesbrannvesen er ei god løysing for Sogn og Fjordane, dette med bakgrunn i geografi, tal tettstader med krav til brannberedskap og lange reiseavstandar.

SBR IKS ser ikkje at det kan etablerast fylkesbrannvesen utan vesentlege endringar av lov og forskrift. T.d vil brannsjefen om han skal oppfylle dimensjoneringsforskrifta si paragraf 4-13 bruke minst ein månad på å gjennomføre «årssamling med brannsjefen» i eit fylke som Sogn og Fjordane. Det vil truleg også være naudsynt med eit stort mellomleiar nivå med m.a lokale brigadesjefar som t.d dekkjer eit område som i dag vert dekkja av overordna vakt. Ei ny overordna vakt ordning vil truleg operere på linje med det overordna vakt gjer i byar som Bergen og Oslo og blir truleg mindre operativ enn dagens ordningar.

Den utfordrande geografien med mange tettstadar i Sogn og Fjordane fører også til eit høgt tal særskilte brannobjekt i høve til folketal. Dermed vil feiarar og førebyggjande personell/branninspektørar likevel måtte bu i nærleiken til dei område dei er meint å dekke. Elles vil halve jobben gå vekk i reising. Dermed vil ikkje fagmiljøet bli samla og gevinsten med tanke på robustheit og utveksling av erfaring/kompetanse mv blir monaleg mindre. Administrasjon og forvaltning, merkantile funksjonar vil og krevje vesentlege ressursar i eit slikt selskap.



I pkt 12.1.3 og 13.4.1 i brannstudien blir det peika på at det må være eit stort nok befolkningsgrunnlag/areal til å gi hendingar av eit gitt tal. Dette for å kunne gjennomføre analyser og sikre læring på bakgrunn av desse. Då blir spørsmålet for kven er det viktig at det må være eit visst tal hendingar? Er det overbefelet, utrykkingsleiar eller mannskapet som skal sikres god læring og erfaring? Det blir ikkje fleire hendingar i den einskilde kommune fordi om ein slår saman kommunar eller brannvesen, altså den einskilde brannkonstabel og utrykkingsleiar får ikkje meir å gjere. Overordnavakt får derimot noko meir å gjere. God læring må altså sikrast gjennom eit nasjonalt system for erfaringsoverføring og læring i regi av t.d DSB der hendingar er kategorisert på ein slik måte at ein enkelt kan gå inn på hendingstypar for å sjå korleis andre har handert desse hendingane og anbefalingar for handtering. Altså dei overordna rapporteringssystema må bli mykje betre enn i dag, først når det skjer vil alle brannvesen, store og små ha nytte av det som blir registrert. På mange måter faller «analyse lære» punktet på steingrunn så lenge det nasjonale rapporteringssystemet ikkje er tilfredsstillande. Statistikkgrunnlaget er uansett så svakt i mange småkommunar at det er først når ein kan behandle dette på nasjonalt nivå at det gir mening.

SBRIKS meiner altså at geografi, reiseavstandar og tal tettstader må ha større vekt en det som studien nå legg til grunn. Det er stor forskjell på å drifte eit felles brannvesen i t.d Østfold og i Sogn og Fjordane. SBRIKS dekker i dag omtrent same areal som Østfold, men har heilt andre utfordringar knytt til infrastruktur og reisetider. Det er også stor forskjell på å drifte eit brannvesen med ein tettstad på 20 000 innbyggjarar og ein utrykkingsstyrke på 16 mann pluss overbefal og eit brannvesen med fleire tettstader med til saman 20 000 innbyggjarar og ein utrykkingstyrke på 100 mann pluss overbefal. Det er vår situasjon i SBR IKS.

Forskjellen er openbar når det gjeld økonomi, kva dette kostar. På den andre sida er den også stor når det gjeld uthald og robustheit. Det er sjølv sagt ein stor fordel å ha 100 mann til disposisjon når innsatsen blir langvarig og ein kan nytte mannskapsstyrken på ein slik måte at ein ikkje svekker beredskapen i den einskilde tettstad ved å rullere på mannska. Samstundes vil den samla slagkrafta mhp bilar, materiell og mannskap være mykje større i eit brannvesen med 100 mann enn eit med 16-20 mann sjølv om innbyggartalet er det same.

Oppsummering/uttale

SBR IKS ser at alle modellane som brannstudien har vurdert kan vere aktuelle. Vår erfaring tilseier at det er nødvendig å redusere tal brannvesen slik at kvalitet, profesjonalitet og kompetanse vert heva monaleg.

Men geografi, reiseavstandar og tal tettstader med krav til brannberedskap bør i langt større grad vektleggast når ein avgjer modell. Avstand frå leiing til konstabel må ikkje bli for stor. ***Det er derfor viktigare at ein får brannvesen med leiing og førebyggandepersonell i heile stillingar jf befolkningsgrunnlag på 20 000 innbyggjarar (modell 3) enn at ein absolutt må dekke fylkesgrensar eller eit minimum på t.d 100 000 innbyggjarar.***

SBRIKS har i løpet av 2013 og til no i 2014 vist at eit i nasjonal samanheng lite IKS brannvesen kan handtere store hendingar jf bussulykka i Fardal og storbrannen i Lærdal der SBRIKS var det brannvesenet som hadde uthald i 24 timar.

